

**Fra:** Helge Rambjør <helgerambjor@gmail.com>  
**Sendt:** mandag 22. mars 2021 11:19  
**Til:** Postmottak Alver  
**Emne:** Til Planavdelinga: Uttale til reguleringsplan Fv57 - Lindås - Mongstad

## Uttale til Reguleringsplan for FV 57 - gang og sykkelveg Lindås - Mongstad, ny høyring 2021

Frå Helge Rambjør og Laila Ådnanes, Gnr 121 br nr 5  
Knarvikgarden 61  
5955 Lindås

Viser til siste utgåve av Reguleringsplanen og våre tidlegare merknader, seinast 14.12.18.

### 1. Krysset til Knarvikgarden og veg til baseområdet på Mongstad Sør

Heilt sidan før vegen til baseområdet vart bygd på 80-talet har me i Knarvik vore i mot plasseringa, og bygdefolket i Knarvik ba den gongen om at vegen skulle leggjast i tunell inn til basen lenger nord, ved Ramshelleren eller lenger nord. Trafikken til og frå baseområdet har auka voldsomt dei siste åra, det er mange i Knarvik som i over 30 år har vore og er plaga med støy frå denne vegen. Me må difor igjen be om at vegen til baseområdet vert flytta lenger nord som nevnt over.

I krysset er fartsgrensa 80-km/t på FV57, og sikten er ikkje god på nordsida av krysset. Med all trafikken som kjem ut i frå baseområdet Mongstad Sør oppstår det ofte farlege situasjonar her.

**Som eit strakstiltak må det difor innførast 60-sone i dette krysset.** Denne fartsgrensa (eller lavare) må oppretthaldast i framtida uansett løysing som vert vald for krysset.

Nokre naboar har foreslått ei rundkjøring i dette krysset. Det er areal nok her til ei enkel rundkøyring liknande den ein har i dag i Mongstadkrysset på Litlås. Dette vil gje ei betre og tryggare avvikling av den store trafikken bla a til og frå baseområdet fram til basevegen blir flytta, og det vil vidare bli enkelt å laga til ein felles avkjørsel til landbrukseigedomane på sørsida av Fv57.

Andre har foreslått ein undergang stor nok til traktor. Vert ei slik løysing vald er det viktig med 60 km/t fartsgrense og ei åpning i evt autovern på begge sider av vegen slik at ein kan kryssa vegen i spesielle tilfeller med store maskiner som ikkje kjem seg gjennom undergangen.

NB: Uansett løysing for krysset må det byggjast ein parallell veg på sørsida av FV57 som gjev tilkomst til eigedomane våre her med traktor og andre landbruksmaskiner som erstatning for dei landbruksavkjørslane som ikkje vert vidareført.

## 2. Jord/skogbruksavkjørsel til ca 60 mål utmark/skog på sørsida av FV57, gnr 121, br nr 5:

Me har som tidlegare nevnt alltid hatt ein god tilkomst til denne del av eigedomen i ein avkjørsel der den raude sirkelen er i bildet under.



På denne delen av eigedomen er terrenget greit å koma fram i med traktor og ein kjem til det meste av arealet. I reguleringsplanen er det ført opp at denne avkjørsel ikkje kan vidareførast pga trafikktryggleik, men det vert ikkje foreslått noko alternativ, me vert dermed heilt utestengt frå vår eigedom. Det er heilt uakseptabelt.

Me er sjølsagt heilt nødt til å ha tilgang til arealet vårt sør for FV57 med traktor og andre maskiner, f eks gravemaskin og skogsmaskiner.

I nordre del av vår eigedom på sørsida av FV57 er det svært bratt, og det er ikkje framkomeleg i terrenget her med traktor. Den nevnte landbruksvegen parallellt med FV57 må difor som eit minimum leggjast på skrå oppover til eit høgdedrag på 121/5 som vist i


kart under. Verkeleg trase må gåast opp med grunneigar før arbeidet startar. Alle kostnader med denne vegen må dekkjast av utbyggjar. Evt skog som må hoggast for å byggja vegen må erstattast av utbyggjar.

Denne løysinga vil likevel vera dårlegare reint praktisk enn den me har i dag.



## 2. Avkjørsel til utmark på nordsida, tegn. utsnitt 009:

I denne tegning er det vist ein avkjørsel på nordsida av FV57, på søre del av gnr 121 bnr 5. Avkjørselen er teikna inn med ein veg sørover langs FV57 til grensa på vår eigedom utan at me kan finna noko grunn for det. Dette er verdifull beitemark. Me må ha ein landbruksavkjørsel her, men har ikkje bruk for noko veg vidare sørover langs FV57. Me ber om at denne veg sørover utgår, sjå under



### 3. Den nye gang- og sykkelstien må byggjast slik at den kan nyttast av traktor i forb spreing av gylle (naturgjødning) på utmarka

Det går beitedyr på arealet nedanfor FV57 mot sjøen i sommarhalvåret og nokre vintrar også. Utbyggjar må difor i heile anleggstida sørja for eit gjerde som heldt beitedyra på plass. Alle gjerde må på plass at etter anleggstida er over. Det må nyttast impr gjerdestokka og varmgalvisert netting med små hol slik at ikkje lam kjem seg gjennom.

Med helsing

Helge Rambjør og Laila Ådnanes,

Gr nr 121 br nr 5

Knarvikgarden 61  
5955 Lindås